

Stein-Harald Aksnes & Elin Øyre

5750 ODDA

NVE

v/Laila P. Høivik

18.02.18.

HØYRINGSINNSPEL ANGÅENDE FLOMSIKRING AV OPO

Som innbyggjarar i Odda kommune og ivrige brukarar av den storslåtte og kontrastfulle naturen vi har rundt oss, ser vi med djup skepsis på planane om eit kraftverk i Opo-elva, som er det 3.største vassdraget i Hordaland. Odda er i ferd med å gjenvinna sitt renomè som turiststad. Turistane strøymar til kommunen vår. Dei kjem for å sjå urørt natur. Då er det for oss eit stort paradoks at politikarane våre vil øydelegge elva vår. Opo er det siste store vassdraget som renn fritt frå fjell til fjord i Odda, og har vore verna i 45 år. Turisme er eit av dei største satsingsområda i Norge. Odda kommune er så heldige å ha noko som folk kjem for å sjå. Dette vil skapa utvikling og gje fleire arbeidsplassar.

Det er ingen som er imot flomsikring, men når det vert brukt skremselspropaganda som går ut på at vi må redde "liv og helse", blir det vanskeleg å ta det seriøst. Vi har i dag så gode vèrprognoser at folk vil ha dagavis på koma seg i sikkerhet, dersom ein storflom igjen vert ein realitet.

Områda rundt Opo har etter flommen gått gjennom store endringar. Elva er allereie flomsikra omtrent opp til Vasstun. Vi stiller oss undrande til at ein ikkje, som eit vidare flomsikringstiltak senker utfalls-osen og lager eit breiare utløp. I tillegg til dette kunne ein hatt flomluke og tatt unna i dei få dagane i året ein risikerer flom. Det blir då uforståleg at det vert arrangert eit folkemøte der ein ikkje har flomlukealternativet ferdig utreda.

Elva er varig verna fordi Opo har ein stor eigenverdi. Vi lurar då på om det har vore vilje til å sjå på flomdempande tiltak utan kraftverk. I starten vart det til og med kalla flomkraftverk, noko som for folk flest vart tolka som eit kraftverk som skulle vera i drift dei dagane det var flom i elva. Etter å ha snakka med folk i kraftbransjen blir vassdraget definert som eit marginalt kraftverk. Det betyr og at om ein ikkje får redusert minstevannføringa maksimalt, vil det vera lite å tena. Lokalt vil det vera krefter i sving for å kjempa for at minstevannføringa må aukast kraftig for at storlaksen (som har vore her i 8000 år) skal kunna ha gode nok vilkår. (jfr. Suldalslågen.)

Vi stiller oss òg undrande til at ein ikkje har gått grundigare inn på faren for at ein igjen får virvla opp "gamle synder" i hamnebassenget i Sørfjorden, som på 70-talet var ein av verdas mest foureina fjordar. 30 år med arbeid og store investeringar har gitt gode resultat og i dag er fjorden blant mange hobbyfiskarar kjent som ein av dei betre på Vestlandet.

Det er òg verdt å nemne at tiltaket med kraftverk /flomtunnel ikkje hjelper for områda sør for Sandvin (Hildal). Der kjem elva frå Hildalsstølen rett ut i ein elvesving, noko som fort fører til at vatnet ikkje klarer å "pressa" seg inn i Storelva når ho er stor. Her kunne ein bygd ein mur mot Campingplassen for å hindra at elva går over sine bredder, eller helst endra løpet.

Vi stiller oss svært kritiske til at ikkje flomlukealternativet har vore med i vurderingsgrunnlaget når politikarane i Odda har behandla saka. Vi spør oss då om årsaka er at ein må få kraftverket på plass innan fristen for dei grønne sertifikata.

Folkemøtet 12.2. viser at det er stort engasjement i Odda for å redde elva vår. Nok er nok. Odda er blant dei største produsentane av vasskraft i Noreg. Skal i tillegg eit så sentralt landskapselement måtta vika ?

Er det kun hensynet til flomsikring som ligger til grunn ?

Vennlig hilsen

Stein-Harald Aksnes

Elin Øyre

Synne Aksnes

Margrete Aksnes

Karin Øyre

Einar Øyre